

Referat frå møte i Instituttrådet ved LLE

Tid: 20. februar 2020 kl. 10.15-12.00

Stad: rom 435 på HF-bygget

Til stades:

Instituttleiar Anders Fagerjord

Frå gruppe A: Matti Wiik (vara for Aidan Conti), Erik Bjerck Hagen (vara for Aril Linneberg), Daniel Apollon (vara for Jill Rettberg), Jørgen Bakke, Christine Hamm, Torodd Kinn, Eli Kristine Knudsen, Christer Johansson

Frå gruppe B: Are Bøe Pedersen og Tori Larsen (vara for Marthe Grønsveen)

Frå gruppe C: Anna Polster

Frå gruppe D: Markus Pold og Sissel-Karin Leknes Torsvik

Sekretær: studieleiar Signe Nilssen

Forfall: Aidan Conti, Marthe Grønsveen, Jill Rettberg, Arild Linneberg, Espen Holthe, Eirik Fevang, Målfrid Bårdsnes, Keld Hyldig, Vegard Sørhus

Dagsorden

- Innkallinga og utsende av sakspapir blei godkjende
- Referatet frå førre møte blei godkjent

IR-sak 05/20 Orienteringssaker

Instituttleiar Anders Fagerjord orienterte om følgjande:

- Anna Kristina Polster erstattar Signe Nilssen som representant frå gruppe C til instituttrådet
- Fire nye stipendiatar til LLE i 2021. Vi har blitt bedne om utlysningstekstar innan september i år. Det er ikkje garantert at vi får fire, og det er ikkje garantert at vi kan ha oppstart 1. januar. Daniel Apollon skal hjelpe instituttleiar med tankeprosessen kring utlysingane.
- Tilsetjingar under arbeid. Det blei delt ut liste over stillingane i prosess.

IR-sak 03/20 Framlegg til handlingsplanar for 2020 – utsett frå møtet 30. januar 2020.

Framlegga er laga basert på strategien som blei vedtatt for LLE i 2019.

Rådet melde tilbake at handlingsplanane var litt for detaljerte og omfattande. Det er ynskeleg med ei klargjering av kva forskargruppene er og kva dei skal gjere. Somme grupper er prosjektgrupper medan andre er handlingsgrupper. Korleis skil vi mellom desse, og korleis ansvarleggjer vi gruppene?

Vedtak: Rådet ber instituttleiinga kome tilbake med kortare og meir konkrete handlingsplanar på neste møte.

IR-sak 06/20: Instituttets budsjett for 2020 (drift annuum 00000)

Anders Fagerjord presenterte UiBs økonomimodell og gjekk gjennom budsjettet.

Det var spørsmål om midlar til forskning og om kva slingringsmonn som var lagt inn i budsjettet.

Anders Fagerjord klargjorde at det var sett av meir midlar til forskning, og at ein ikkje bestiller det annonserte instituttseminaret før vi ser at dette er ei utgift vi kan klare. Det blei bede om ei oversikt over sensurkostnadene, noko Anders Fagerjord lova å skaffe.

Vedtak: Rådet vedtar budsjettet slik det er lagt fram. Einstemmig vedtak.

IR-sak 07/20: Eventuelt

Ingen saker blei melde.